



Isdalstø Næringspark AS  
Isdalstøbakken 41  
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/78 - 17/13341

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

10.05.2017

## Etterlyser årsrapport for oljeutskiljar - gbnr 137/589, Isdalstø Næringspark. Varsel om tilsyn.

Lindås kommune har i brev datert 03.04.2017 gitt melding til Autoklinikk om manglande innrapportering av oljeutskiljar ved verkstaden.

Bedrifter som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn har krav om oljeutskiljar. Kommunen skal føre tilsyn med utskiljaranlegg som faller inn under forureiningsforskrifta § 15-1. I enkeltvedtak (løyve) sett kommunen krav om innsending av årsrapport for anlegg. Det skal leverast ei årsrapport for kvart anlegg.

### Årsrapport skal innehalde følgjande dokumentasjon:

- Dokumentasjon på utført tømning og vedlikehald av anlegg,
- type anlegg, størrelse, etc,
- analyse av utsleppsvatn. Bedrifter som har bilvaskeanlegg må levere inn minimum to analyseprøver (vår og haust) per år, og
- kopi av tømmeavtale med godkjent tømmeoperatør (signert av begge partar).

Årsrapporter skal være kommunen i hende seinast 01.februar påfølgjande år. Frist for innsending av årsrapport for - driftsår 2016 - var 01.02.2017. I brev datert 03.04.2017 fikk Autoklinikk ny frist for innsending av årsrapport. Frist var da sett til 18.04.2017.

Lindås kommune har, per dags dato, ikkje motteke årsrapport for anlegg. Lindås kommune ber difor Isdalstø Næringspark AS om å sende inn etterspurt dokumentasjon for anlegg. Frist for innsending vert sett til 25.05.2017. Som abonnent på kommunale avløpsstenester og som grunneigar er Isdalstø Næringspark AS juridisk ansvarleg for at kommunen får nødvendig dokumentasjon på at anlegg tilfredsstillar krav til utslepp.

### Varsel om tilsyn

Lindås kommune har i brev datert 03.04.2017 gitt Autoklinikk førehandsvarsel om tilsyn. Lindås kommune gir i dette brev eit varsel om tilsyn. Dersom kommunen ikkje mottek etterspurt dokumentasjon innan 25.05.2017 vil det verte sendt ut innkalling til møte/synfaring.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



*Det er med heimel i forureiningsforskrifta § 15-2, «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp – Administrative bestemmelser» og enkeltvedtak (løyve) at kommunen skal føre tilsyn med og krev innsending av årsrapport for utskiljaranlegg. Ved tilsyn og krav om innsending av rapport skal kommunen påse at bedriftene følgjer føresegna gitt iht til gjeldande regelverk og i gitte løyve.*

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Autoklinikk

Stølen 9A

5911

ALVERSUND

**Mottakarar:**

Isdalstø Næringspark AS

Isdalstøbakken 41

5911

ALVERSUND